

Fra boken "Husmannstid og husmannsfolk" av Arnfinn Engen, Dølaringen Boklag 2001. s. 50:

Føderåd

"(...) Ved sida av at husmannen skulle betale plassavgift og bygsel og yte pliktarbeid, kunne det også bli stilt andre krav til han, både økonomisk og på annan måte. Eit slik krav som det finst mange døme på, er at husmannen skulle yte ei form for føderåd til foreldre eller andre tidlegare brukarar på plassen han overtok. Dette syner at det også innanfor husmannssystemet var ei kår- eller føderåds-ordning. Vi kan sjå denne ordninga frå fleire sider. Vi kan sjå den frå den gamle husmannens eller brukaren si side, kva for vilkår han fekk som gamal etter at han ikkje lenger kunne oppfylle krava til husmannen. Vi kan også sjå kårordninga som eit krav til den nye husmannen, kor mykje han måtte yte til foreldra eller andre gamle på plassen. Endeleg kan vi sjå kårordninga som eit middel samfunnet brukte for å løyse problema for dei gamle, og mest mogleg hindre at dei vart ei bær for fattigvesenet.

Kven vart så husmannen pålagt å forsørgje ved ei slik kårordning? Som oftast var det ein av eller begge foreldra, som til dømes ein kontrakt frå 1816 frå Lesja fortel, der husmannen vart pålagt å «forsyne sin fader med fornødent ophold af klæder og føde». Men om husmannen overtok plassen etter andre som han ikkje var i slekt med, kunne han også bli pålagt å forsørge desse. Det kunne også bli kravd at husmannen skulle forsørge andre slektningar som ikkje greidde seg sjølve, som ein kontrakt frå Vågå frå 1827 viser, der det står at husmannen måtte «forsyne sin vanføre broder med varmt hus og opvartning».(...)"